

Språkrådet

Høyringsfråsegn om NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*

Språkrådet viser til høyringsbrevet frå Kunnskapsdepartementet datert 30. januar 2020 om NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*, der departementet ber om at høyringsinstansar som ikkje deler lovutvalets vurderingar, kjem med innspel til lovteksta.

Høyringsfråsegna frå Språkrådet omhandlar kapittel 4 i lovframlegget *Val av skriftspråk og særskilde språkrettar i grunnskoleopplæringa*, kapittel 7 *Val av skriftspråk og særskilde språkrettar i den vidaregåande opplæringa* og nokre enkeltstående paragrafar. Fråsegna inneheld òg eit kort avsnitt om språklege val i lova.

I fråsegna peikar vi på korleis den nye opplæringslova best kan leggje til rette for å sikre måla for språkpolitikken i Noreg. Språkrådet ber regjeringa ved Kunnskapsdepartementet ta stilling til desse råda:

- Språkrådet meiner at føremålsparagrafen i opplæringslova må innehalde språkpolitiske forplikingar som speglar dei språkpolitiske måla i sjølve lovverket.
- Språkrådet stør framlegget om å lovfeste opplæringspråket i Noreg, men vi meiner at § 13-4 også bør omfatte norsk teiknspråk. I motsetning til opplæringslovutvalet meiner Språkrådet at lova bør leggje føringar for den munnleg opplæringa.
- Språkrådet meiner at skular berre unntaksvis bør få fritak frå kravet til opplæringspråk.

Til opplæringa i norsk, særleg nynorsk

- Språkrådet stør framlegget om å erstatte kravet om obligatorisk sidemålsundervising på 9. og 10. trinn med eit generelt krav om opplæring i begge skriftspråka.
- Språkrådet stør framlegget om å vidareføre retten til opplæring på hovudmålet og retten til å tilhøyre ei eiga elevgruppe i barneskulen. Språkrådet stør likevel ikkje framlegget om at det er kommunen og ikkje foreldra som skal velje skule i dei tilfella elevane er spreidde på fleire skular.
- I motsetning til opplæringslovutvalet meiner Språkrådet at retten til opplæring på hovudmålet og retten til å tilhøyre ei eiga elevgruppe (eller ei språkdelt klasse) må utvidast til også å gjelde elevar på ungdomstrinnet.
- Språkrådet meiner at det i kommunar med over 100 000 innbyggjarar bør opprettast ei fast nynorskklasse dersom foreldre eller elevar ønskjer det.

- Språkrådet støyr framlegget om at departementet framleis kan gje forskrift om fritak frå opplæring i skriftleg sidemål. Vi vil likevel ikkje at fritaket skal vere til hinder for slik opplæring dersom eleven sjølv ønskjer det.
- Språkrådet støyr ikkje framlegget om å fjerne retten til rådgjevande røysting om skulemål.
- Språkrådet støyr framlegget om å vidareføre retten til å velje bokmål eller nynorsk i læremiddel og framlegget om å tydeleggjere at retten også gjeld elevar i den vidaregåande skulen.
- Språkrådet støyr ikkje framlegget om å fjerne krava til lesebøker i norsk.
- Språkrådet støyr framlegget om å vidareføre parallellitetskravet til læremiddel i gjeldande lovtekst. Språkrådet meiner likevel at lovutvalet opererer med ei for snever forståing av kva eit læremiddel er, og kva parallellitetskravet bør omfatte. Språkrådet oppmodar departementet om å sjå særleg på læremiddeldefinisjonen og å inkludere digitale verktøy i parallellitetskravet.
- Språkrådet meiner at læremiddelparagrafen bør innehalde ein forskriftsheimel som legg til rette for sentrale ordningar som kan sikre at kommunane og fylkeskommunane etterlever krava i lova.
- Språkrådet meiner at forskriftene som regulerer lærarutdanninga, bør reviderast som følgje av lovrevideringa. Språkperspektivet, og då særleg nynorskperspektivet, må inn på alle program i lærarutdanninga, og kompetanse i begge skriftspråka må vere ein integrert del av skrivekompetansen til lærarstudentane i alle fag. Det bør ikkje vere høve til å fråvike kravet om relevant kompetanse i norskfaget.
- Språkrådet støyr framlegget om å vidareføre retten til opplæring i nynorsk på private grunnskular.
- Språkrådet meiner at opplæringslova må gje vaksne ein eksplisitt rett til opplæring i nynorsk.

Til opplæringa i og på norsk teiknspråk

- Språkrådet støyr framlegget om å vidareføre retten til opplæring i og på norsk teiknspråk, og at denne retten ikkje lenger skal vere avgrensa til barn og unge som har teiknspråk som førstespråk, eller som har fått ei sakkunnig vurdering. I motsetning til opplæringslovutvalet meiner Språkrådet at retten til opplæring i og på norsk teiknspråk også må gjelde fullt høyrande teiknspråkbrukarar som har ein nær relasjon til teiknspråklege.
- Språkrådet meiner at § 4-4 bør innehalde ei setning som presiserer at bruk av tolk ikkje er forsvarleg opplæring i grunnskulen.
- Språkrådet meiner at opplæringslova må gje døve og høyrselshemja rett til opplæring i eit teiknspråkleg miljø. Retten må omtalast eksplisitt i både §§ 4-4 og 7-3.
- Språkrådet meiner at retten til skyss må gjevast til teiknspråklege som eit språksikringstiltak, og at han må sjåast i samanheng med behovet for å tilhøyre eit klasse miljø på ein teiknspråkleg skule.

- Språkrådet støt framlegget om å gje grunnskuleelevar med høyrselshemjing rett til å velje opplæring i norsk teiknspråk etter læreplanen for norsk teiknspråk, med ekstra timeressurs.
- Språkrådet meiner at det som følgje av endringar i opplæringslova bør setjast høgare krav til dugleik i teiknspråk for alle som skal undervise på teiknspråk.
- Språkrådet meiner at retten til læremiddel på eige språk også må gjelde for teiknspråklege elevar.
- Språkrådet meiner at opplæringslova må gje vaksne ein eksplisitt rett til opplæring i og på norsk teiknspråk.

Til opplæringa i kvensk, romani og romanes

- Språkrådet meiner at retten til opplæring i kvensk/finsk i grunnskulen må vere individuell og uavhengig av etnisk bakgrunn og/eller geografisk plassering.
- Språkrådet meiner at retten til opplæring i kvensk/finsk må gjelde både for elevar i grunnskulen og elevar i den vidaregåande skulen.
- Språkrådet meiner at også romani og romanes bør få status som opplæringsspråk.
- Språkrådet meiner at retten til læremiddel også må gjelde for elevar med nasjonale minoritetsspråk.

1 Bakgrunn for framlegga frå Språkrådet

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og følgjer opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kulturdepartementet, mellom anna ved å observere og analysere aktuelle utviklingstrekk i heile det norske språksamfunnet.

Den 12. mai i år presenterte regjeringa eit framlegg til språklov, Prop. 108 L (2019–2020) [Lov om språk \(språklova\)](#). I meldingsdelen til framlegget til språklov blir måla for språkpolitikken i åra som kjem, slegne fast. Hovudmålet er at norsk skal sikrast som hovudspråk og samfunnsberande språk i Noreg. Det offentlege skal ta ansvar for å bruke, utvikle og styrkje norsk språk. Føremålsparagrafen til lovframlegget slår fast at dette ansvaret omfattar eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst brukte av dei to jamstilte norske skriftspråka. Det inneber at situasjonen for nynorsk som mindretalsspråk skal vurderast særskilt, til dømes i politikktvikling eller lovarbeid som gjeld norsk språk.¹ Det offentlege skal òg verne og fremje samiske språk, kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk, og med det sikre at Noreg etterlever føringar i internasjonale konvensjonar og avtaler.

Språkpolitikken er sektorovergripande. Det vil seie at alle departementa skal ta språkpolitiske omsyn når dei utformar og gjennomfører eigen sektorpolitikk.

¹ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*, s. 10

Proposisjonen er tydeleg på at ei lovfesting av språkpolitikken som sektorovergripande må følgjast opp med gode tiltak for å sikre at lova blir etterlevd.²

I proposisjonen blir kunnskaps- og utdanningspolitikk omtala som særleg viktig språkpolitikk.³ Opplæringssektoren er avgjerande for at folkesetnaden får opplæring i norsk, samisk, kvensk eller norsk teiknspråk. Opplæringssektoren står òg i ei særstilling i arbeidet med å sikre norsk som samfunnsberande språk. Det må difor ifølgje proposisjonen «takast språkpolitiske omsyn når innhaldet i barnehage, skule og lærarutdanning skal utformast. Særleg viktige er dei språkpolitiske vurderingane, inkludert omsynet til ulike språklege mindretal, når det skal gjerast større systemendringar på feltet».⁴

Opplæringslova regulerer ei rekkje språkpolitiske spørsmål og er såleis ei sentral språklov. Når lova skal reviderast, må språklege omsyn vurderast spesielt og prioriterast over økonomiske og praktiske omsyn. Lova må innehalde gode formuleringar og tiltak som bidreg til å fremje viktige språkpolitiske mål. I Prop. 108 L *Lov om språk* står det at oppfølginga av forslaget frå opplæringslovutvalet «vil vere i tråd med dei overordna prinsippa for språkpolitikken slik dei vil kome til uttrykk i ny språklov».⁵

Med språklova blir Språkrådets tilsyns- og rettleiingsansvar forankra i lov. Språkrådet skal etter § 19 tredje og fjerde avsnitt føre tilsyn med korleis statsorgan praktiserer og etterlever rettsreglane og rettleie det offentlege i kva beste praksis er for å fremje og verne dei språka som lova omfattar. Ved å lovfeste rettleiingsansvaret håpar regjeringa å utvikle ein betre og meir treffsikker regelverkspraksis i staten.⁶ Regjeringa forventar at dei sentrale organa på utdanningsområdet samarbeider med Språkrådet om oppfølging av språkpolitikken på opplæringsfeltet.⁷

2 Kort om språklege val i lova

Språkrådet er glad for at framlegget til ny opplæringslov er utferda på nynorsk. Det er eit språkpolitisk mål at minst 25 prosent av lovverket rekna i tekstmengd skal vere på nynorsk.⁸ Dersom ei lov eller forskrift på nynorsk skal bytast ut, bør den nye lova eller forskrifta òg vere på nynorsk, ikkje bokmål.

Dei siste åra har Språkrådet registrert ei aukande interesse for språket i lover og forskrifter. Krav om klart språk og ryddig struktur inngår no i mandatet til stadig fleire utval som skal skrive nye eller revidere eksisterande lover. Språkrådet er glad for at

² Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 13

³ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 58

⁴ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 58

⁵ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 55

⁶ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 143

⁷ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 59

⁸ St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, s. 193

det også er tilfellet for mandatet til opplæringslovutvalet. Vi vil likevel kommentere nokre termval.

I framlegget til ny språklov har Kulturdepartementet valt å erstatte termen «målform» med «skriftspråk», brukt om bokmål og nynorsk. Det tyder ikkje at termen «målform» ikkje kan brukast i ny opplæringslov. I Prop. 108 L *Lov om språk* står det at termen «framleis [kan] vere nyttig når ein skal omtale dei to språka i høve til kvarandre, til dømes i skuleverket».⁹ Kunnskapsdepartementet bør likevel ta omsyn til dei framlegga som er gjevne i § 22 *Endringar i andre lover* i proposisjonen.¹⁰ Der det er mogeleg, bør opplæringslova bruke termar som fremjar jamstilling mellom nynorsk og bokmål, og som gjer det tydeleg at nynorsk og bokmål er likeverdige skriftspråk.

Språkrådet meiner elles at termen «universell opplæring» er noko uklar. I framlegget til ny opplæringslov § 10-1 er termen forklart slik: «opplæringa skal vere tilfredsstillande for flest mogeleg utan individuell tilrettelegging».¹¹ For Språkrådet er det viktig å poengtere at ei slik «universell opplæring» ikkje skal gå utover rettane til elevgruppene som utgjer eit språkleg mindretal.

3 Føremålsparagrafane i opplæringslova

Den gjeldande opplæringslova inneheld ein føremålsparagraf § 1-1 som tek for seg føremålet med opplæringa. I NOU-en skriv opplæringslovutvalet at det ligg utanfor deira mandat å «vurdere eller foreslå innholdsmessige endringer i formålsparagrafen».¹²

Lovutvalet har likevel tatt seg fridom til å gjere «mindre språklige forbedringer» i føremålsparagrafen, for å betre sikre «et klart og godt språk».¹³ Lovutvalet har i tillegg utforma ein heilt ny føremålsparagraf som tek for seg føremålet med *lova*: «Lova skal leggje til rette for at barn, ungdom og vaksne får god opplæring i eit godt miljø.» I argumentasjonen for kvifor det trengst ei fråsegn om føremålet med lova, viser lovutvalet til liknande praksis i mellom anna universitets- og høgskulelova. Lovutvalet viser òg til førearbeida til barnehagelova der det er lagt til grunn at «en stor grad av samordning av formålene for barnehagen og opplæringen kan bidra til større helhet og sammenheng i barn og unges utvikling og læring».¹⁴

Språkrådet stiller seg bak ei samordning av føremåla i lovene som gjeld opplæring. Ei slik samordning kan sikre eit meir konsekvent og heilskapleg regelverk på opplæringsfeltet. Argumentasjonen lovutvalet bruker for å rettferdiggjere eit føremål

⁹ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 84

¹⁰ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 161

¹¹ NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*, s. 31

¹² NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*, s. 50–51

¹³ NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*, s. 51

¹⁴ NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*, s. 188

med lova, kan òg leggjast til grunn for ei mindre innhaldsrevidering av føremålet med opplæringa.

Universitets- og høgskulelova inneheld eit eksplisitt språkleg føremål § 1-7 *Ansvar for vedlikehold og videreutvikling av norsk fagspråk*. Kapittel 1 *Barnehagens formål og innhold* i barnehagelova omhandlar også språk. I tråd med dei andre lovene på opplæringsfeltet bør § 1-2 *Formålet med opplæringa* i framlegg til ny opplæringslov innehalde språkpolitiske forpliktingar.

Språkrådet kjem difor med framlegg til ei omskriving av § 1-2 tredje og fjerde avsnitt i framlegget til ny opplæringslov. Endringar eller tillegg i lovteksta er markerte med understreking.

Opplæringa skal utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og den felles internasjonale kulturtradisjonen vår. Opplæringa skal medverke til å styrkje norsk språk. Lova skal fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk og sikre vern og status for samiske språk, kvensk og norsk teiknspråk.

Opplæringa skal gi innsikt i språkleg og kulturelt mangfald og vise respekt for den enkelte si overtiding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Ordlyden i den andre og tredje setninga i tredje avsnitt byggjer på ordlyden i føremålsparagrafen i språklova, men omtalar berre dei språka som opplæringslova regulerer.

Ei slik endring vil vere ei synleggjering av at ein vil oppfylle det overordna kravet om at det skal takast omsyn til språkpolitikk i utforminga av innhaldet i skule- og utdanningssektoren (jf. Prop 108 L). Språkrådet meiner dessutan at desse endringsframlegga vil bidra til eit meir konsekvent regelverk. Endringsframlegga får også fram at opplæringslova i stor grad handlar om språk, og at ho i praksis fungerer som ei viktig språklov.

4 Opplæringsspråket i grunnskulen og i den vidaregåande opplæringa

I den gjeldande opplæringslova står det ikkje eksplisitt kva som er opplæringsspråket i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa i Noreg. Lova legg føringar for den munnlege opplæringa. I § 2-5 andre avsnitt står dette:

I den munnlege opplæringa avgjer elevane og undervisningspersonalet sjølve kva for talemål dei vil bruke. Undervisningspersonalet og skoleleiinga skal likevel i størst mogleg grad ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og uttrykksmåtar.

I framlegget til ny opplæringslov føreslår opplæringslovutvalet i ein eigen paragraf § 13-4 *Opplæringsspråk og hovudmål på kvar skole* å presisere kva opplæringsspråket er. I første avsnitt første setning står det at «[o]pplæringa skal vere på norsk eller samisk». Paragraf 4-1 og 7-1 i lovframlegget presiserer at elevane som skal ha opplæring i norsk på grunnskulen og i den vidaregåande skulen, skal ha opplæring i «begge dei norske skriftspråka, bokmål og nynorsk». Talemålet til elevane blir ikkje omtala i framlegget.

Det er særst positivt at det no blir fastsett ved lov at opplæringa i Noreg skal vere på norsk, både bokmål og nynorsk. Ved å presisere at ei slik opplæring inneber nynorskopplæring, tek lovutvalet eit særleg omsyn til mindretalsspråket. Lovframlegget legg også til rette for tidleg start med sidemålet og god progresjon i opplæringa. Språkrådet ser endringsframlegget som ei klar styrking av dagens § 2-5 sjetta avsnitt første setning, som legg opplæring i begge målformer til dei to siste åra i grunnskulen. Det er òg positivt at samiske språk får lovfesta status som opplæringsspråk. I denne samanhengen saknar Språkrådet ein liknande rett til opplæring på norsk teiknspråk. Vi ber difor departementet syte for at også norsk teiknspråk blir omfatta av paragrafen. (Vi gjer merksam på at ei innlemming av norsk teiknspråk kan få språklege konsekvensar for innhaldet i paragrafen som eit heile og for andre enkeltstående paragrafar.)

Språkrådet saknar også setninga i gjeldande lovverk som sikrar at dei tilsette ved skulane tek omsyn til talemålet til elevane. Denne setninga bør vidareførast. Språkrådet forstår ikkje setninga som eit hinder for at lærarane skal kunne bruke sitt eige talemål, slik opplæringslovutvalet skisserer i NOU-en. Tvert om. Talemålet (både talemålet til læraren og det lokale talemålet) har sidan stortingsvedtaket i 1878 om at «[u]ndervisningen i Almueskolen saavidt muligt [bør] meddeles paa Børnenes eget Talemaal», vore rekna som ein ressurs i opplæringa. Denne ressursen bør skulane framleis ha eit særleg ansvar for å røkte. Språkrådet er kritisk til det vi meiner er ei negativ utvikling i utdanningssektoren, der talemål og dialektkunnskap blir nedprioritert.

Vi viser gjerne stolt til vedtaket i Stortinget i 1878 og reknar det som eit tidleg gjennombrot for tanken om at talemålet heimanfrå skal kunne brukast også ute i det offentlege rommet.

Språkrådet føreslår difor endringar til § 13-4. Endringar eller tillegg i lovteksta er markerte med understreking.

Opplæringa skal vere på norsk, samisk eller norsk teiknspråk. Språkopplæringa skal ta utgangspunkt i talemålet til elevane. Departementet kan etter søknad frå kommunen eller fylkeskommunen gi ein skole tidsavgrensa fritak frå kravet til opplæringsspråk.

Kommunen og fylkeskommunen skal gi forskrift om kva som skal vere hovudmålet på kvar skole. Skolen skal bruke hovudmålet i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra.

Språkrådet meiner det er uheldig at skular etter første avsnitt andre setning i lovframlegget kan få eit tidsavgrensa fritak frå kravet til opplæringsspråk, særleg når fritaket først og fremst er meint å gjelde for engelskspråkleg grunnskuleopplæring. På slike skular tek ein bort eleven si mogelegheit til å få opplæring i det språket som alle elevar i Noreg skal kunne og har rett på å kunne. Vi kan sjå for oss at norskopplæringa blir overlaten til heimen. Konsekvensen av det er store kunnskapshol i norsk, noko som vil gje elevane ekstra utfordringar med deltaking i norsk arbeidsliv, samfunnsliv og demokrati. Språkrådet meiner at ei engelskspråkleg grunnutdanning strir mot hovudprinsippa i den norske språkpolitikken, og rår difor til at slik utdanning ikkje blir noko meir enn eit unntaksfenomen. Viss denne setninga

skal stå i lova, bør departementet ha klare reglar for handsaming av søknader om fritak. Vinstane av slike forsøk med andre opplæringspråk må vegast opp mot konsekvensane ei slik opplæring har for dei elevane som ikkje får systematisk opplæring i norsk som reiskaps- og danningfag, og for dei langsiktige språkpolitiske måla som er uttrykte i språklova. Språkrådet viser til utviklinga i UH-sektoren, der ønsket om internasjonalisering har fått store negative konsekvensar for utviklinga av norsk fagspråk, og der bruken av norsk i sektoren generelt er under sterkt press. Ei slik utvikling har langsiktige konsekvensar både for statusen til norsk og den vanlege bruken av norsk språk.

Språkrådet stiller seg elles bak det andre avsnittet i § 13-4 og framlegget om at også fylkeskommunen skal gje forskrift om kva som skal vere hovudmålet på kvar skule. Språkrådet etterlyser i denne samanhengen forpliktingar. Som opplæringslovutvalet sjølv poengterer, er det i dag berre eit fåtal kommunar som har kunn gjort forskrift om hovudmål i Norsk Lovtidend og såleis gjort forskrifta tilgjengeleg i Lovdata. Det er uheldig. Forskriftene er viktige for allmenn kunnjing og som statistikkgrunnlag. Språkrådet får ofte spørsmål av foreldre om kva hovudmålet på den eine eller den andre skulen er. Seinast i år var Språkrådet involvert i ei alvorleg sak der rektor ved ein skule i Rogaland ikkje var klar over at skulen hadde nynorsk som hovudmål. I handsaminga av slike saker bruker Språkrådet store ressursar på å leite fram data. Hovudmål ved grunnskular er per i dag ikkje del av statistikken til Utdanningsdirektoratet.

5 Opplæring i norsk, særleg nynorsk

Den norske språkpolitikken er tydeleg på at det generelle arbeidet med å styrkje norsk språk like mykje handlar om å sikre grunnlaget for posisjonen til nynorsken i det norske samfunnet, som å styrkje norsk språk generelt, og at det må leggjast spesielt til rette for at nynorsk blir meir reelt jamstilt med bokmål. I all politikktvikling eller regelverksarbeid som gjeld norsk språk, skal situasjonen for nynorsk som mindretalsspråk vurderast særskilt.¹⁵

Når opplæringslova skal reviderast, må det innebere ei styrking av nynorsken, ikkje ei svekking. Opplæringslova må innehalde klare og forpliktande språkstyrkingstiltak for skulesektoren, som tek særleg omsyn til det mindre brukte av dei to norske skriftspråka.

I framlegget til ny opplæringslov ser vi at opplæringslovutvalet i stor grad har valt å vidareføre språksikringstiltaka i gjeldande lovverk. Det er positivt. Lova inneheld i mindre grad tydelege og offensive språkstyrkingstiltak. Nokre av framlegga lovutvalet tek til orde for, står i direkte kontrast til regjeringa sin språkpolitikk, og inneber ei svekking av nynorsken. Det er urovekkjande. Den generelle konklusjonen til

¹⁵ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*, s. 10

Språkrådet er at lovutvalet i altfor liten grad har teke omsyn til og vurdert situasjonen for nynorsken i regelverksarbeidet.

Opplæringspolitiske tiltak må byggje på ei erkjenning av at nynorskelevane er i ein vanskeleg mindretalsposisjon. Det er heilt avgjerande for nynorskelevane og for nynorsken som bruksspråk. Ei ny opplæringslov må sikre at nynorskelevar og bokmåselevar får eit likeverdig høve til å meistre sitt eige språk og til å bli trygge språkbrukarar.

5.1 Rett til opplæring på hovudmålet og rett til å tilhøyre ei eiga elevgruppe

Ein viktig premis for å sikre reell jamstilling mellom bokmål og nynorsk er eit likeverdig høve til å få bruke og halde på hovudmålet sitt i skulen.

Elevar i barneskulen har etter gjeldande opplæringslov § 2-5 fjerde og femte avsnitt rett til opplæring på eit anna hovudmål enn det kommunen har vedteke, og rett til å tilhøyre ei eiga elevgruppe eller ei språkdelt klasse. Retten til opplæring i ei eiga elevgruppe eller ei språkdelt klasse («parallellklasseretten») er eit viktig språktiltak og eit viktig nynorsktiltak i dagens opplæringslov. Det er difor positivt at opplæringslovutvalet ønskjer å vidareføre denne retten i ny opplæringslov.

Lovutvalet kjem like fullt med eit endringsframlegg til dagens reguleringar av retten. Til liks med KS vil lovutvalet at det skal vere kommunen – og ikkje foreldra – som avgjer kva skule elevgutta skal gå på når elevane er spreidde på fleire skular i kommunen. Språkrådet stiller seg *ikkje* bak dette endringsframlegget. Vi meiner at språkpolitiske mindretalsomsyn må vege tyngre enn lokale, kommunale avgjerder. Vi viser òg til eit viktig argument frå Kunnskapsdepartementet sist dette spørsmålet var oppe. I Ot.prp. nr. 46 (1997–1998) står det at opplæringa bør leggjast til den skulen der flest elevar høyrer heime. Opplæringslova skal ikkje gjere det unødvendig vanskeleg for elevane og foreldra: «Ikkje i noko tilfelle bør kommunen konsekvent kunne leggje tilbodet til dei skolane som av geografiske eller andre grunnar er minst attraktive for foreldra.»¹⁶ Språkrådet har kjennskap til tilfelle der kommunen har gjort det umogeleg for foreldre å velje ei nynorsk elevgruppe av di skulen som kommunen vel, ligg for langt unna heimen. Det som er økonomisk best for kommunen, er ikkje nødvendigvis det beste for foreldra og det beste for eleven.

Retten til opplæring i ei eiga elevgruppe eller ei språkdelt klasse gjeld per i dag berre for elevar på barnetrinnet. På ungdomstrinnet og i den vidaregåande opplæringa er språkrettane svakare. Det er vårt faglege råd at retten til opplæring i ei eiga elevgruppe eller ei språkdelt klasse blir utvida til å gjelde *alle* elevar i grunnskulen.

Språkrådet meiner ei slik lovendring er særskild viktig, ikkje berre for språkutviklinga til ungdomsskuleelevane, men for nynorsk som bruksspråk. I dei tilfella der elevane kjem til språkblanda ungdomsskular og vidaregåande skular, ser vi at brukarane av mindretalsspråket (som i stor grad er nynorsk) byter til det som er fleirtalsspråket og

¹⁶ Ot.prp. nr. 46 (1997–1998), kap. 12.4

undervisingspråket i skulen. Med nye læreplanar og nye vurderingsordningar for sidemålet er det god grunn til å tru at endå fleire elevar vil byte hovudmål. I staden for å vere ein språkstyrkingsarena ser skulen i dag ut til å fungere som ein aktiv språkbytefabrikk, der nynorskbrukarane fell frå. Språkrådet meiner sjølv sagt at individuell rett til språkbyte i seg sjølv er legitimt, men språkbytet må ikkje skje som ein konsekvens av at elevane opplever strukturelt press, dårlegare kvalitet på opplæringstilbodet eller manglande støtte i lov- og regelverk på opplæringsfeltet.

I språkmeldinga *Mål og mening* frå 2008 vart språkbyte identifisert som ein av tre hovudtendensar som ein aktiv språkpolitikk skulle hindre. I framlegget til ny språklov er det konstatert at vi ikkje har nådd det politiske målet om å stabilisere talet på nynorskelevar i skulen, og følgjeleg styrkje nynorsken: «Språkbyte er framleis ei utfordring og er med på å svekkje statusen til nynorsken.»¹⁷

Språkrådet meiner at det er på høg tid at det kjem på plass tiltak som reduserer språkbyte, og som samstundes aukar den språklege sjølvkjensla til elevane. Ein utvida rett til opplæring i eiga elevgruppe eller språkdelt klasse er eit slik tiltak. Det er kjent at det har god effekt.

I Odda kommune har nynorskelevane sidan 2014 fått all undervising på nynorsk i eigne grupper på ungdomsskulen. Odda-modellen med språkdelt ungdomsskule har vore vellukka og syner at det er mogeleg å stogge uønskt språkbyte – også ved overgangen til vidaregåande skule.

Stortinget vedtok i 2016 å vurdere retten til språkdelt klasser ut heile grunnskulen (den såkalla Odda-modellen):

Stortinget ber regjeringa utrede en endring av opplæringslova § 2-5 og andre mulige tiltak som kan sikre elever på ungdomsskolen rett til opplæring på hovudmålet og rett til å tilhøre en egen målformgruppe, og komme tilbake til Stortinget på en egnet måte.¹⁸

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet fekk Utdanningsdirektoratet 28. august 2017 i oppgåve å lage ei utgreiing om språkdelt ungdomsskule. Utgreiinga vart sendt til departementet i desember same år. Her tilrår Utdanningsdirektoratet å utvide retten til å gjelde for heile grunnskulen, og til å finansiere retten på ungdomstrinnet gjennom ei eiga tilskotsordning. I Kunnskapsdepartementets budsjettproposisjon for 2020 er saka henta fram att. Her står følgjande:

Departementet vil vurdere ei eventuell endring av opplæringslova § 2-5 fjerde ledd til å gjelde heile grunnskolen i samband med oppfølginga av tilrådingane frå [opplæringslov]utvalet.¹⁹

Språkrådet tolkar denne setninga slik at departementet vil vurdere ei endring av dagens § 2-5 fjerde ledd, uavhengig av det nye lovframlegget frå opplæringslovutvalet. Språkrådet meiner det er særst fornuftig. Saka er ikkje handsama godt nok av opplæringslovutvalet.

¹⁷ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 55

¹⁸ Representantforslag 116 S (2015–2016), vedtak 67

¹⁹ Prop. 1 S (2019–2020) for Kunnskapsdepartementet, del 1, kap. 3, s. 43

I NOU-en viser lovutvalet til både stortingsvedtaket frå 2016 og budsjettproposisjonen for 2020. Lovutvalet viser ikkje til utgreiinga til Utdanningsdirektoratet frå 2017. I handsaminga av språkdelt ungdomsskule har lovutvalet late vere å drøfte tilrådinga til Utdanningsdirektoratet. Dei drøftar heller ikkje andre faglege innspel, som det frå Språkrådet. Når opplæringslovutvalet ikkje gjer framlegg om å utvide retten til språkdelt klasser på ungdomstrinnet, er det på eit fagleg utilstrekkeleg grunnlag og stikk i strid med tilrådinga i utgreiinga frå Utdanningsdirektoratet.

Dersom departementet vel å utvide retten til opplæring i ei eiga elevgruppe eller ei språkdelt klasse, vil departementet gjennom den nye opplæringslova i større grad kunne ta sektoransvaret sitt i arbeidet med å realisere den ambisiøse og offensive språkpolitikken i den nye språklova. Ei slik utviding er òg i tråd med føremålet i framlegget til ny opplæringslov. I § 1-1 første avsnitt står det at «[l]ova skal leggje til rette for at barn, ungdom og vaksne får god opplæring i eit godt miljø». Det er dette føremålet som ligg til grunn for lovutvalets argumentasjon for opplæring i andre mindretalsspråk. Lovutvalet meiner til dømes at det er rimeleg at ein elev som har fått grunnopplæring i samisk, «sikres mulighet til å fortsette med samiskopplæring». Det vil «sikre den enkelte elev et helhetlig opplæringsløp, men også bidra til bevaringen og utviklingen av samiske språk som sådan».²⁰ Stoda er ikkje annleis for nynorsken og nynorskelevane. For at ein elev skal kunne halde på eit mindretalsspråk, må det strukturell støtte til. Ei slik støtte får ikkje nynorskelevane på ungdomstrinnet i dag, med mindre det kjem på plass endringar i lov- og regelverket.

Språkrådet føreslår difor endringar til § 4-1 tredje og fjerde avsnitt i ny opplæringslov. Endringar eller tillegg i lovteksta er markerte med understreking.

Elevar på 1. til 10. trinn har rett til opplæring i ei særskild gruppe i den målforma kommunen ikkje har vedteke, dersom minst ti elevar på trinnet krev det. Dersom minst ti elevar på eit trinn på same skole krev denne retten, har dei rett til å få opplæringa på den skolen. Er elevane spreidde på fleire skolar i kommunen, vedtek foreldra med vanleg fleirtal kva skole dei skal få opplæringa på. Retten til å få opplæring i ei særskild gruppe står ved lag så lenge det er minst seks elevar att i gruppa.

Dersom skolestrukturen i kommunen gjer at elevar må overførast til ein skole med ei anna målform enn elevane hadde på 1. til 7. trinn, har dei rett til å bruke og å få opplæring på den målforma dei hadde. Dei har rett til opplæring i faget norsk i ei særskild gruppe, same kor mange dei er.

I kommunar med over 100 000 innbyggjarar skal det opprettast ei fast nynorskklasse dersom foreldre eller elevar ønskjer det.

Som ein følgje av endringa i tredje avsnitt første setning gjer Språkrådet framlegg om at retten til å fullføre i ei mindre gruppe, regulert i fjerde avsnitt, også blir utvida frå 4. trinn til 7. trinn.

Språkrådet vil også leggje til ei setning som sikrar ein fast nynorskklasse i dei største kommunane. For å stogge nedgangen i talet på nynorskelevar tilbyd Bergen

²⁰ NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*, s. 418

kommune i dag nynorskklasser på ein sentrumsskule, uavhengig av kor mange foreldre som krev det. Dette språkstyrkingstiltaket bør bli nasjonalt.

5.2 Fritak frå opplæring i skriftleg sidemål

I § 2-5 sjette avsnitt andre setning i gjeldande opplæringslov står det at «[d]epartementet kan gi forskrifter om fritak frå opplæring i sidemålet for [grunnskule]elevar som får særleg språkopplæring». I *Mål og meining* står det at retten til fritak frå opplæring baserer seg på språklege omsyn.²¹ Kravet om opplæring i både bokmål og nynorsk skal til dømes ikkje stå i vegen for at minoritetsspråklege elevar får lære språket sitt. Forskrift til opplæringslova § 1-11 listar opp dei elevgruppene som kan få fritak frå opplæring. Her står det òg at eit *fritak frå opplæring* ikkje er det same som eit *fritak frå vurdering* i skriftleg sidemål. Retten til fritak frå vurdering knyter seg til andre omsyn.

I framlegget til ny opplæringslov ønskjer lovutvalet å vidareføre forskriftsheimelen i dagens § 2-5 sjette avsnitt andre setning, men med konkrete tilvisingar til dei elevgruppene som er omtala i forskrifta. I § 4-1 første avsnitt andre setning står følgjande:

Departementet kan gi forskrift om fritak frå opplæring i eitt av desse skriftspråka for elevar som får opplæring etter §§ 4-2, 4-3, 4-4 og 4-6.

Lovutvalet ønskjer også å fastsetje ein tydeleg heimel for departementet til å gje forskrift om fritak frå opplæring i skriftleg sidemål i vidaregåande opplæring. I § 7-1 første avsnitt andre setning står dette:

Departementet kan gi forskrift om fritak frå opplæring i eitt av desse skriftspråka for elevar som får opplæring etter §§ 7-2, 7-3 og 7-5.

Språkrådet er positive til å vidareføre reglane i dagens opplæringslov, som gjev særskilde elevgrupper i både grunnskulen og den vidaregåande skulen rett til fritak frå opplæring i skriftleg sidemål. Vi saknar like fullt ein diskusjon rundt og ei vurdering av retten til fritak frå opplæring. Det at desse elevgruppene no blir omtala særskilt i lovteksta, må ikkje bety at dei automatisk får fritak frå opplæring i norsk sidemål. Dersom elevar frå dei nemnde elevgruppene ønskjer opplæring i norsk sidemål, må dei kunne få både opplæring og vurdering om dei vil det. Dette må kome tydeleg fram i forskrifta.

Lovutvalet omtalar ikkje fritak frå vurdering. Språkrådet legg difor til grunn at det ikkje kjem nokre endringar her. Det er ikkje ønskeleg frå Språkrådet si side at reglane for fritak frå vurdering blir utvida ytterlegare.

²¹ St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, s. 198

5.3 Rådgjevande røysting om skulemål

§ 2-5 sjuande avsnitt i gjeldande opplæringslov slår fast at det skal haldast rådgjevande folkerøysting dersom det blir aktuelt å skifte skulemål, altså det hovudmålet som kommunestyret har vedteke for ein skule. Røysterett har alle som bur i det området i kommunen som soknar til skulen, og som har allmenn røysterett etter vallova.

Som KS meiner lovutvalet at dette er ei særregulering som ikkje høyrer heime i den nye opplæringslova. Lovutvalet føreslår difor å fjerne retten til rådgjevande skulemålsrøysting.

Språkrådet stiller seg ikkje bak dette endringsframlegget og ønskjer at dagens reglar blir vidareførte under § 13-5 i framlegg til ny lov. Retten til rådgjevande skulemålsrøysting er ein viktig lokaldemokratisk rett. Eventuelle endringar bør skje i samråd med lokalsamfunnet og dei som blir direkte påverka, ikkje i kommunestyret aleine. I Ot.prp. nr. 46 (1997–1998) peikar Kunnskapsdepartementet på det same. Her er konklusjonen at «slike folkerøystingar har lange tradisjonar, og at det er ei godt fungerande demokratisk ordning».²² Med dei nye storkommunane er ordninga viktigare enn nokon gong før.

Jamvel om røystingane berre er rådgjevande, ser Språkrådet at dei tvingar kommunale styresmakter til å ta særlege omsyn til utfallet av røystingane. Eit særskild viktig omsyn er språkomsynet. Dei språkpolitiske konsekvensane av å fjerne avsnittet i lova er heilt fråverande i NOU-en. Den norske språkpolitikken er tydeleg på at nynorsk skal vurderast i all politikktvikling der norsk språk er relevant. Denne endringa styrkjer ikkje stoda for nynorskelevane eller nynorsken som bruksspråk. Språkrådet meiner at språkpolitiske mindretalsomsyn også her må vege tyngre enn lokale, kommunale avgjerder.

5.4 Læremiddel og læringsressursar

I Granavollplattforma er det å «sikre retten til læremiddel på begge målformer» lista opp som eit av fleire viktige mål i opplæringssamanheng.²³ Gode læremiddel og læringsressursar er heilt avgjerande for at ein skal kunne lære og bli trygg i eit språk.

I gjeldande opplæringslov er retten til lærebøker og andre læremiddel regulert av § 2-5 tredje avsnitt, § 9-4 og forskrift til opplæringslova kapittel 17. I § 2-5 tredje avsnitt står følgjande om læremiddel:

Foreldra vel målform i lærebøkene til elevane til og med 7. årstrinnet. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv. I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet.

I NOU-en skriv lovutvalet at det er viktig at elevane «sikres mulighet til å ivareta sin egen målform gjennom [...] læremidlene».²⁴ Lovutvalet har difor i stor grad valt å

²² Ot.prp. nr. 46 (1997–1998), kap. 12.4

²³ [Granavollplattforma](#), s. 88

²⁴ NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*, s. 389

vidareføre innhaldet i dagens § 2-5 tredje avsnitt. Innhaldet er lagt til § 4-1 andre avsnitt i den nye lova:

Foreldra til elevar på 1. til 7. trinn vel om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk. Elevar på 8. til 10. trinn vel sjølve om dei skal bruke bokmål eller nynorsk i det skriftlege arbeidet, og om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk.

Språkrådet ser det som positivt at lovutvalet vidarefører retten til å velje bokmål eller nynorsk i læremiddel. Retten er særleg viktig for nynorskelevar på ungdomstrinnet som per i dag ikkje er sikra klasseromsopplæring på sitt eige språk. Læremidla spelar ei avgjerande rolle i opplæringa deira.

Språkrådet stiller seg bak framlegget om å erstatte termen «lærebøker» med «læremiddel». Lovteksta er med det betre i tråd med forskrifta til opplæringslova, der termen «læremiddel» er brukt. Språkrådet stiller seg ikkje bak framlegget om å fjerne setninga i gjeldande lov som tydeleggjer at lærebøkene i norskopplæringa skal vere på hovudmålet. Lovutvalet meiner denne setninga er overflødig, og at det «ikke [er] grunn til å tro at elevene eller foreldrene vil velge læremidler i norskfaget som er på en annen målform».²⁵ Språkrådet minner om at det er skuleeigar som har ansvaret for at elevane får læremiddel på eiga målform, ikkje foreldra eller elevane. Fordi mange elevar ikkje får lærebøker og andre læremiddel på hovudmålet sitt sjølv om dei har krav på det, er det behov for å gjere denne retten tydeleg.

For å få betre samanheng i regelverket gjer lovutvalet framlegg om å tydeleggjere at valfridomen som knyter seg til skriftspråk i læremiddel, også omfattar elevar i vidaregåande opplæring. Det er difor lagt til ei formulering som presiserer dette under § 7-1 *Norsk skriftspråk (målform) for elevar i den vidaregåande opplæringa*. Språkrådet stør dette tillegget.

5.4.1 Ny læremiddelparagraf

I lovframlegget erstattar § 13-5 *Læremiddel* dagens læremiddelparagraf, § 9-4. Lovutvalet har også valt å lovfeste store delar av forskriftsreguleringane til denne paragrafen.

I § 13-5 har lovutvalet valt å vidareføre kravet i gjeldande lovtekst som seier at det i opplæringa berre skal brukast læremiddel som ligg føre på både bokmål og nynorsk til same tid og same pris. Språkrådet stør dette framlegget. Parallellitetskravet er særleg viktig for nynorskelevane. Kravet bidreg til at dei får ei fullgod opplæring, og er med på å sikre dei språklege rettane til denne elevgruppa.

Språkrådet meiner likevel at lovutvalet opererer med ei for snever forståing av kva eit læremiddel er, og kva parallellitetskravet bør omfatte. Vi meiner også at læremiddelparagrafen inneheld manglar. Språkrådet føreslår difor nokre endringar til

²⁵ NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*, s. 387

§ 13-5 i ny opplæringslov. Endringar eller tillegg i lovteksta er markerte med understreking.

I norsk og samisk kan skolen berre bruke læremiddel som følgjer offisiell rettskriving. I norsk teiknspråk skal skolen bruke læremiddel utvikla for døve og høyrselshemja.

Kommunen og fylkeskommunen skal sørgje for at det i opplæringa berre blir brukt læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. Krava gjeld for læremiddel som skal brukast jamleg i opplæringa, ~~og som dekkjer vesentlege delar av læreplanen for faget.~~ Krava gjeld ikkje læremiddel

- a) i faget norsk
- b) i fag med årskull med 300 eller færre elevar
- c) der den norske teksten utgjer ein mindre del

Krava til rettskriving og kravet til at læremidla skal liggje føre på både bokmål og nynorsk, gjeld både trykte og digitale læremiddel som blir brukte i opplæringa. Skolen skal ikkje bruke digitale verktøy i opplæringa som ikkje ligg føre på norsk, bokmål og nynorsk. Kravet gjeld ikkje for framandspråkopplæringa.

Lesebøkene i norskfaget i grunnskolen skal ha nok tilfang på både bokmål og nynorsk til at elevane kan lære å lese begge skriftspråka.

Skolen kan ikkje bruke norskspråklege trykte og digitale ordlister og ordbøker som ikkje er godkjende av Språkrådet.

Departementet kan gi forskrift med sentrale ordningar som sikrar at kommunen og fylkeskommunen etterlever krava i lova.

Læremiddel på norsk teiknspråk

Språkrådet vil leggje til ei setning i første avsnitt som sikrar at skulen gjer bruk av gode lærebøker av høg kvalitet i norsk teiknspråk. Med den nye språklova får norsk teiknspråk status som nasjonalt teiknspråk likeverdig med norsk. For å sikre at døve og høyrselshemja får likeverdige opplæringsmogelegheiter, må opplæringslova gje teiknspråklege rett til læremiddel på lik linje med norskspråklege og samiskspråklege.

Læremiddeldefinisjonen

Opplæringslova vart utforma i ei tid då tradisjonelle læreverk vart nytta i undervisinga. I skulen i dag bruker elevane ei mengd ulike læringsressursar, levert av mange forskjellige leverandørar. Fleirtalet av desse ressursane er digitale.

Opplæringslova med tilhøyrande forskrift skil ikkje mellom trykte og digitale læremiddel (eller læringsressursar) i spørsmålet om parallellutgåver:

Med læremiddel meiner ein alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa. Dei kan vere enkeltståande eller gå inn i ein heilskap, og dekkjer aleine eller til saman kompetansemål i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.²⁶

Læremiddeldefinisjonen er likevel utforma slik at flesteparten av dei digitale læringsressursane (appar osb.) som blir brukte i skulen i dag, fell utanfor lovverket eller i ei gråson. Definisjonen er såleis ikkje tilpassa dagens digitale skulekvardag. Realiteten er at skulane i stor grad bruker læringsressursar som ikkje er «utvikla til

²⁶ Forskrift til opplæringslova, kapittel 17, § 17-1 fjerde avsnitt

bruk i opplæringa». Språkrådet meiner difor at læremiddeldefinisjonen bør vere utforma på bakgrunn av korleis ressursane blir brukte, ikkje kva læremidla/læringsressursane er utvikla til. Mange av desse digitale læringsressursane er heller ikkje laga med føremål om å dekkje kompetansemåla i læreplanen.

I NOU-en skriv lovutvalet at dei har ønskt å «oppdatere regelverket til den nye digitale hverdagen, slik at loven i størst mulig grad [...] kan virke over tid».²⁷ Lovutvalet har likevel ikkje valt å revidere den uklare og utdatert definisjonen av læremiddel i gjeldande lovverk. Lovutvalet har heller ikkje teke stilling til språklege konsekvensar i handsaminga av læremiddeldefinisjonen. Språkrådet meiner det er problematisk.

Vi har dei siste åra vorte kontakta av fleire lærarar som fortel at mange av dei digitale læremidla dei får tilbod om i undervisinga, berre ligg føre på engelsk. Når det gjeld balansen mellom bokmål og nynorsk, er situasjonen enda verre, og det er nyleg publisert ein rapport som viser stor mangel på digitale læringsressursar på nynorsk.²⁸

Samla sett bidreg tilstanden til mangelfull opplæring i eige språk/hovudmål og til å gje inntrykk av at skriftspråket til elevane er middelmåtig og underordna eit større språk, anten det er snakk om engelsk eller bokmål. Det er særleg kritisk for dei lågare klassetrinna og for dei grunnleggjande lese- og skriveferdigheitene. Rapporten syner også at skulen ikkje ser ut til å tenkje på desse læremidla på same måte som tradisjonelle lærebøker på papir.²⁹

Språkrådet er uroa for dei språklege konsekvensane den digitale skulekvardagen til elevane ser ut til å ha. Vi etterlyser ein tydeleg og oppdatert læremiddeldefinisjon som sikrar at nynorskelevane så vel som bokmålelevane får ein reell rett til læremiddel og mykje brukte læringsressursar på hovudmålet sitt. Dagens lovverk og framlegget frå lovutvalet overlet til eksterne aktørar å styre språkpolitikken i skulen.

I eit brev frå Kunnskapsdepartementet til Noregs Mållag mfl. datert 27. september 2019 skriv departementet at dei i arbeidet med ny opplæringslov vil sjå særleg på fleire problemstillingar knytte til bruk av nynorske læremiddel i skulen. Det er positivt. Språkrådet syner i den samanhengen til Sametingets *Handlingsplan for læremiddelutvikling 2020–2023*. Handlingsplanen inneheld fleire gode og offensive tiltak for å sikre både trykte og digitale læremiddel.

Digitale verktøy

Gjeldande opplæringslov seier ingenting om infrastrukturen i den digitale skulekvardagen til elevane. Språkrådet meiner det er sær problematisk, ettersom infrastrukturen i stor grad påverkar innhaldet i opplæringa. I dag har nynorskelevar pc-ar og nettbrett utan tilgjengeleg operativsystem på nynorsk. Kvar dag loggar dei inn på læringsplattformer som berre finst på bokmål. I skriveprogramma dei bruker,

²⁷ NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*, s. 22

²⁸ Myking, S. (2018) Rapport om digitale læremiddel i skulen med tanke på nynorsk, s. 25

²⁹ Myking, S. (2018) Rapport om digitale læremiddel i skulen med tanke på nynorsk, s. 25

ligg det ikkje føre nynorsk ordliste og stavekontroll. Skal nynorskelevane ta fullgod del i den digitale opplæringa, må òg den digitale infrastrukturen som skulen tilbyr dei, vere på nynorsk.

Språkrådet meiner difor at parallellitetskravet må utvidast til også å gjelde digitale verkøy som administrativ programvare (kontorstøtteprogram), læringsplattformer, operativsystem og likande. Som læremidla blir desse brukt fast, over ein lengre periode eller jamleg i opplæringa. Dei er òg viktige for grunnleggjande skriveferdigheiter og digitale ferdigheiter. Viss departementet ikkje utvidar kravet, må det kome fram i forskrift at kommunen og fylkeskommunen skal ta omsyn til dei språklege rettane til nynorskelevane ved innkjøp av verkøy til skulen. Kravet gjeld ikkje for framandspråkopplæringa. Språkrådet meiner også at Utdanningsdirektoratet bør lage kvalitetskriterium for digitale verkøy, og at desse blir tilgjengelege på same måte som kvalitetskriteria for læremiddel.

Språkrådet ser ikkje for seg at det vil bli laga digitale verkøy på både bokmål og nynorsk, dersom ikkje staten stiller språklege krav til digitale verkøy i skulen. Slike krav vil òg kunne sikre at det ikkje blir kjøpt inn unødige engelskspråklege verkøy i norsk skule. Lovformuleringa Språkrådet gjer framlegg om, kan bidra til eit stort digitalt løft for nynorsken.

Lesebøker i norskfaget

Språkrådet meiner at den nye læremiddelparagrafen bør leggje føringar for lesebøkene i norskfaget, slik gjeldande paragraf gjer. Lovutvalet skriv at det er læreplanane som styrer innhaldet i læremidla. Det er difor ikkje nødvendig å vidareføre kravet om at lesebøkene i norskfaget skal ha tilfang på både bokmål og nynorsk.³⁰ Språkrådet er sterkt ueinig i dette. Dette er eit område der det er viktig at lova legg overordna føringar. Kravet er viktig for å sikre at også framtidige læreplanar inneheld kompetansekrav i lesing på bokmål og nynorsk. For elevar som har fritak frå sidemål, er lesebøker med tilfang på både bokmål og nynorsk ekstra viktig, ettersom dei er det einaste som sikrar desse elevane tilgang og kjennskap til nynorsk.

Forsiftsheimel for sentrale ordningar

I dag er det skuleeigarane som har ansvaret for at nynorskelevane får nynorske læremiddel. I forskrifta til opplæringslova § 17-3 står følgjande:

Skoleeigar har ansvaret for at retten til eleven til læremiddel på si målform blir oppfylt etter § 17-1 og § 17-2. Dette gjeld uavhengig av kor mange elevar som brukar bokmål og nynorsk i kommunen eller fylkeskommunen. Skoleeigar skal ha eit forsvarleg system, jf. opplæringslova § 13-10, for å sikre at retten til eleven blir oppfylt.³¹

³⁰ NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*, s. 393

³¹ Forskrift til opplæringslova, kapittel 17, § 17-3

Det er òg skuleeigaren som har ansvar for å avgjere kva som fell inn under definisjonen, dersom det er tvil om noko er eit «læremiddel» eller ikkje. Det er regulert i § 17-1 tredje avsnitt siste setning.

Språkrådet meiner staten i større grad må kunne gje retning for det lokale ansvaret. Kravet i forskrifta om eit forsvarleg system blir i liten grad praktisert. Mange kommunar ser ikkje ut til å vere medvitne om ansvaret dei har som skuleeigarar, andre tek ikkje på alvor kravet om at dei læremidla som blir nytta i skulen, også skal vere på nynorsk. Dette gjeld særleg læremidla som blir brukte i det nye digitale læringsmiljøet i skulen.³²

Språkrådet vil difor leggje til ein forskriftsheimel i den nye læremiddelparagrafen. Heimelen skal leggje til rette for sentrale ordningar for å sikre at kommunen og fylkeskommunen etterlever krava i lova, og at retten elevane har til læremiddel på eiga målform, blir oppfylt. Ei slik ordning kan vere eit sentralt læremiddelregister som gjer at kommunane og fylkeskommunane enkelt kan skaffe seg oversyn over kva som ligg føre på både bokmål og nynorsk. Registeret må omfatte både trykte og digitale læremiddel, attpå digitale verktøy brukt i skulen.

I mandatet for lovutvalet står det at ansvarsfordelinga mellom stat, kommune og fylkeskommune skal vidareførast. Lovutvalet har såleis ikkje problematisert, vurdert eller gjort framlegg om endringar i reglane for kven som skal ha ansvaret for å sikre elevane læremiddel på rett språk. Språkrådet ber difor departementet om å ta stilling til ansvarsfordelinga. Ei statleg styring gjev mogelegheit for større kvalitetssikring av læremiddel og læringsressursar. Når ansvaret er lokalt, blir det vanskeleg å få gjennomslag hjå store (internasjonale) leverandørar.

5.5 Kompetansekrav for lærarar

Utan lærarar med kompetanse i norskfaget kan ikkje elevane utvikle sin skrivekompetanse i norsk fullt ut. Prop. 108 L *Lov om språk* gjer merksam på kor avgjerande viktig det er med «lærarar i skulen som kan undervise på og lære bort både nynorsk og bokmål», som «har kunnskap om den norske språksituasjonen» og som «kjenner dei språklege rettane» som elevane har.³³

I gjeldande opplæringslov § 10-2 står det at «tilsette som skal undervise, må ha relevant kompetanse i dei faga dei skal undervise i». I framlegget til ny opplæringslov skil lovutvalet mellom § 15-2 *Krav om kompetanse for å bli tilsett som lærar* og § 15-3 *Krav om relevant kompetanse i undervisningsfaget*. For å kunne bli tilsett som lærar må du ha «relevant fagleg og pedagogisk kompetanse på tiltredingstidspunktet», for å kunne undervise i eit fag må du ha «relevant kompetanse» i det aktuelle faget. Paragrafane viser til forskrift for meir detaljerte reguleringar av kompetanse.

³² Myking, S. (2018) Rapport om digitale læremiddel i skulen med tanke på nynorsk, s. 19

³³ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*, s. 57

Ifølgje den nasjonale rammeplanen for grunnskulelærerutdanninga skal alle lærarstudentar meistre «norsk skriftlig både nynorsk og bokmål». ³⁴ Lesing og skrivning er å rekne som grunnleggjande ferdigheiter som skal lærast i alle skulefag i utdanninga, ikkje berre i norskfaget. Likevel har berre programmet for grunnskulelærarar 1–7 norsk som obligatorisk fagemne og retningslinjer med vurderingsformer i nynorsk og bokmål. I programmet for grunnskulelærarar 5–10 er norsk per i dag valfag. Det betyr at fleire lærarar i grunnskulen manglar formell kompetanse i norsk generelt og nynorsk spesielt.

Språkrådet meiner at språkperspektivet, og særleg nynorskperspektivet, må inn på alle program i lærarutdanninga, og at kompetanse i begge skriftspråka skal vere ein integreert del av skrivekompetansen til lærarstudentane i alle fag.

Revideringa av opplæringslova er eit gyllent høve til å gjere endringar i forskriftene som regulerer lærarutdanninga. I rammeplanen for grunnskulelærerutdanninga bør det eksempelvis stå at norsk er å rekne som relevant kompetanse i alle fag. Elevar med norsk i fagkrinsen er følgeleg meir kvalifiserte ved tilsetjing på 5.–10. trinn. Under norsk som undervisningsfag bør nynorsk og nynorskdidaktikk omtalast spesielt.

Både gjeldande opplæringslov og framlegg til ny opplæringslov gjev skuleeigar høve til å fråvike kompetansekravet dersom skulen ikkje har lærarar med relevant kompetanse. Språkrådet meiner det ikkje bør vere høve til å fråvike kravet om relevant kompetanse i eit så viktig og sentralt fag som norskfaget. Vi rår difor til at det blir laga ei unntaksformulering til § 15-3 i det nye lovframlegget.

5.6 Nynorsk i private grunnskular

I dag gjeld opplæringslova også for private grunnskular som ikkje får statstilskot etter friskulelova. Lovutvalet kjem med framlegg om å vidareføre gjeldande reglar. I § 20-2 står det eksplisitt at slike grunnskular skal oppfylle krava i § 4-1 om målform. Det er viktig at også elevar ved private grunnskular har rett til opplæring i nynorsk. Språkrådet stør difor framlegget.

5.7 Nynorsk for vaksne elevar

Opplæringslova må leggje til rette for at vaksne elevar kan få opplæring i nynorsk dersom dei ønskjer det. Det gjeld også vaksne elevar med andre morsmål enn norsk. Språkrådet rår difor sterkt til at det blir laga ein ny paragraf under kapittel 18. *Innhaldet i og organiseringa av grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa for vaksne elevar.* Paragrafen bør gje vaksne ein eksplisitt rett til opplæring i nynorsk, lik den retten samiske vaksne elevar har gjennom § 18-2. Også denne elevgruppa må ha rett til læremiddel.

³⁴ Forskrift om rammeplan for grunnskulelærerutdanningane for 1.–7. trinn og 5.–10. trinn, § 2

6 Opplæring i og på norsk teiknspråk

Framlegget til ny språklov gjev norsk teiknspråk status som nasjonalt teiknspråk i Noreg. Lova slår fast at norsk teiknspråk er likeverdig med norsk, både som kulturuttrykk og språkssystem.³⁵ Dette viser tydeleg at den samla språkpolitikken for Noreg skal ta omsyn til norsk teiknspråk og norske teiknspråkbrukarar.

Framlegget til ny språklov framhevar det språkansvaret som staten Noreg alt har teke på seg ved å ratifisere [FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne](#) (Convention on the rights of persons with disabilities – CRPD). Fleire av artiklane i CRPD handlar om teiknspråk spesielt. Etter artikkel 21(e) i konvensjonen skal statspartane anerkjenne og fremje bruken av teiknspråk. Artikkel 24 legg føringar for utdanningsfeltet.

[Stats]partene erkjenner at mennesker med nedsatt funksjonsevne har rett til utdanning. Med sikte på å virkeliggjøre denne rettigheten uten diskriminering, og på basis av like muligheter, skal partene sikre et inkluderende utdanningssystem på alle nivåer [...]³⁶

Språkrådet konstaterer at kunnskapen om teiknspråk i samfunnet generelt er låg. Utdanning er eitt av dei områda der teiknspråkbrukarar møter flest utfordringar, mest fordi mange i utdanningssektoren ikkje er klar over at norsk teiknspråk er eit fullverdig språk, og ikkje eit erstatningsspråk eller eit spesialpedagogisk hjelpemiddel for ei gruppe menneske. Dessutan har pedagogar og andre i utdanningssystemet låg kompetanse i teiknspråk. Sidan teiknspråkkompetanse i liten grad blir overført frå generasjon til generasjon (innanfor familiar / i heimen), har utdanningssektoren eit ekstra stort ansvar for å styrkje teiknspråk og tilby opplæring i det.

Språklova og CRPD er overordna, medan detaljregulering av rettar for norske teiknspråkbrukarar skal følgje av særlovgeving. I dag er retten til teiknspråkopplæring regulert i høvesvis opplæringslova § 2-6 (grunnskulen) og § 3-9 (vidaregåande skule) og barnehagelova § 19 h (barn under opplæringspliktig alder).

Opplæringslova må reviderast i tråd med intensjonane i språklova og CRPD. Lova må også innehalde føresegner som sikrar oppfølging av desse intensjonane i praksis, noko som i denne samanhengen inneber konkrete tiltak som i større grad enn i dag sikrar opplæring i og på norsk teiknspråk. Innleiingsvis i NOU-en skriv lovutvalet at det også har vore eit mål med revisjonen av opplæringslova. Lovutvalet har gjort

³⁵ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*, s. 152

³⁶ Sitatet er henta frå den norske omsetjinga av *Konvensjon om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne – CRPD* (2006), artikkel 24, punkt 1

framlegg om endringar med «mål om å skape en styrket og mer fleksibel tilgang til opplæring i og på samisk og norsk tegnspråk».³⁷

Språkrådet stør lovutvalet sitt framlegg om å vidareføre retten til opplæring i og på norsk teiknspråk. Nedanfor vil vi kommentere vilkåra for teiknspråkopplæring og andre punkt som gjeld opplæringa i og på norsk teiknspråk.

6.1 Vilkår for retten til teiknspråkopplæring

Dagens opplæringslov §§ 2-6 og 3-9 inneheld desse vilkåra for rett til opplæring i og på teiknspråk:

- 1) Barnet har teiknspråk som førstespråk.
- 2) Barnet har etter sakkunnig vurdering behov for teiknspråkopplæring.
- 3) Det må liggje føre ei sakkunnig vurdering før kommunen eller fylkeskommunen gjer vedtak om opplæring i og på teiknspråk.

Lovutvalet kjem med framlegg om å endre vilkåra vesentleg. Språkrådet er i stor grad einig i endringsframlegga.

Utvalet meiner at retten til teiknspråkopplæring *ikkje* skal avgrensast til barn og unge som har teiknspråk som førstespråk. At teiknspråk er førstespråk, vil (i rettsleg forstand) seie at dei føresette eller barnet sjølv har valt dette språket som opplæringsspråk. Lovutvalet peikar på at også andre grupper elevar kan ha behov for teiknspråkopplæring. Utvalet viser til funksjonelt høyrande barn og unge med kokleaimplantat (CI) som ei særleg sårbar gruppe. Dei har ikkje nødvendigvis teiknspråk som «førstespråk», og difor kjem dei ikkje inn under førstespråksvilkåret. I *Språkstatus 2017 – språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet* kjem det fram at mykje talar for at CI-opererte barn treng å få lære og bruke teiknspråk for å få ei god språkutvikling.³⁸ Språkrådet er difor samd med lovutvalet i at retten til teiknspråkopplæring må utvidast, slik at norsk teiknspråk kjem på linje med andre språk som føresette kan velje i opplæringssamanheng.

Fordi mange døve og høyrselshemja barn i praksis har minst to språk, er omgrepet «førstespråk» vanskeleg og lite dekkjande for denne gruppa. Språkrådet har ved fleire høve argumentert for at døve og høyrselshemja bør ha rett til å få to førstespråk etter dagens reglar.

Lovutvalet meiner at retten til teiknspråkopplæring skal utvidast til å gjelde alle barn og unge med hørselshemjing. Språkrådet meiner at retten må utvidast til også å gjelde fullt høyrande teiknspråkbrukarar som har ein nær relasjon til teiknspråklege.

Teiknspråkopplæring er særleg viktig for høyrande barn av teiknspråklege døve (KODA – Kids of deaf adults). Dei tilhøyrer ei gruppe som per i dag ikkje har nokon lovfesta rett til opplæring i morsmålet sitt. Språkrådets prinsipale standpunkt er at teiknspråk må kunna veljast som opplæringsspråk på lik linje med dei andre norske språka. Som eit minimum må opplæringslova uansett inkludere høyrande barn av

³⁷ NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*, s. 21

³⁸ Språkrådet (2017) *Språkstatus 2017*. Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet

teiknspråklege døve. Dei må få rett til å utvikle og bruke sitt førstespråk, slik den overordna språkpolitikken i Noreg legg opp til.

Dersom retten til teiknspråkopplæring blir utvida, vil opplæringslova i større grad enn i dag kunne fremje bruk av teiknspråk. Lovutvalet skriv sjølv i NOU-en at ei slik utviding kan få positive bieffektar, t.d. auka kompetanse i skulen.

Lovutvalet gjer også framlegg om at vilkåret om sakkunnig vurdering av behovet for opplæring i teiknspråk frå pedagogisk-psykologisk teneste, ikkje skal vidareførast. Språkrådet stiller seg bak dette framlegget. Den sakkunnige vurderinga er i utgangspunktet meint å skulle dekkje tilfelle der det ikkje er gjort val om teiknspråk som førstespråk for eit døvt eller høyrselshemja barn.³⁹ Når førstespråksvilkåret går ut, blir dette vilkåret om sakkunnig vurdering overflødig.

6.2 Presiseringar til §§ 4-4 og 7-3 og nærskyldte føresegner

Etter den gjeldande opplæringslova kan teiknspråklege elevar velje å bruke tolk i ordinære vidaregåande skular. Men bruk av tolk er ikkje noko godt alternativ for teiknspråklege barn i grunnskulen. I fleire tilfelle engasjerer skuleeigarar tolkar for å for å vareta dei språklege rettane døve og høyrselshemja barn i grunnskulen har etter dagens § 2-6. Språkrådet meiner at denne praksisen er uheldig.

Når opplæringslova no blir revidert og desse reglane blir vidareførte i §§ 4-4 og 7-3, meiner Språkrådet at det i § 4-4, som gjeld grunnskulen, må presiserast at bruk av tolk ikkje kan reknast som forsvarleg opplæring.

Etter den gjeldande opplæringslova har teiknspråklege elevar (rett nok berre elevar i den vidaregåande skulen) også rett til å velje undervising i og på teiknspråk i eit teiknspråkleg miljø. I § 3-9 andre avsnitt står det kva som er meint med eit teiknspråkleg miljø: «Med teiknspråkleg miljø er meint skolar som har *tilrettelagde opplæringstilbod i og på teiknspråk* [vår kursivering] for hørselshemma elevar.» Slike skular er også kalla knutepunktskular.

I eit innspel til opplæringslovutvalet argumenterte Språkrådet for å utvide retten til å velje undervisning i og på teiknspråk i ny opplæringslov. Retten til å tilhøyre eit språkleg miljø er viktigare i grunnskuledelen av opplæringsløpet. Det er her elevane først lærer seg, bruker og utviklar språket. Særleg viktig er det for språkbrukarar av eit mindre brukt språk som teiknspråk.

I CRPD er tilgangen til eit språkmiljø omtala spesielt. Her står det at undervisinga skal gå føre seg «i et miljø som gir størst mulig faglig og sosial utvikling».⁴⁰ Berre når desse vilkåra er oppfylte, kan elevar med nedsett funksjonsevne delta i undervisinga på lik linje med andre. Retten til opplæring i eit teiknspråkleg miljø sikrar at dei som er døve eller høyrselshemja, eller som av andre grunnar treng norsk teiknspråk, får

³⁹ Aasen, Kjetil (2019) Retten til opplæring i og på teiknspråk etter opplæringslova og barnehagelova, s. 19

⁴⁰ CRPD (2006), artikkel 24, punkt 3(c)

utvikla sin eigen språklege identitet og utvikla seg fagleg og sosialt. Retten til opplæring i eit teiknspråkleg miljø kan òg hindre språkleg deprivasjon. Språkleg deprivasjon vil seie mangel på fullverdig språk. For teiknspråklege er dette eit stort problem.

Rapporten [Hørselshemmede barns og unges opplæringsmessige og sosiale vilkår i barnehage og skole](#), som er utarbeidd av Patrick Kermit i 2018, syner at mange døve og hørselshemja barn og unge føler seg ekskluderte i einskapsskulen, og at dei har store psykososiale utfordringar. Ei forskingsgruppe som forskar på teiknspråk, tolking og kommunikasjon ved Høgskulen på Vestlandet, konkluderer med det same. Den politiske intensjonen om inkludering har snarare «ført til utanforskap og språkdeprivasjon hos døve barn som vekst opp i dag».⁴¹

Opplæringslovutvalet viser sjølv til artikkel 24 i CRPD og rapporten til Kermit i NOU-en, men utvalet nemner ikkje retten til opplæring i eit teiknspråkmiljø i utgreiinga om § 3-9. Med det overser utvalet ein sentral språkleg rett i dagens lovverk, noko som påverkar framlegget til ny lov.

Formuleringa som gjev teiknspråklege ein rett til å tilhøyre eit teiknspråkleg miljø, er tatt ut av framlegget til ny opplæringslov. Korkje § 4-4 eller § 7-3 nemner eit teiknspråkleg miljø. Retten er heller ikkje omtala i kapittel 57, som inneheld merknader til dei einskilde føresegnene. Endringa svekkjer dei språklege rettane til teiknspråklege. Ho er ikkje i tråd med CRPD og gjeldande språkpolitikk og går dessutan på tvers av § 2-1 i ny opplæringslov, som gjeld «det beste for eleven».

Språkrådet rår difor til at retten til å få opplæring i eit teiknspråkleg miljø blir inkludert i både § 4-4 og § 7-3. I denne samanhengen viser Språkrådet til Prop. 108 L *Lov om språk*, der det står at slike «tilgangsparagrafar» høyrer til og må inkluderast i særlovgevinga.⁴²

Den gjeldande opplæringslova inneheld òg eit nærskuleprinsipp. Nærskuleprinsippet gjev grunnskuleelevar rett til å få opplæring i sitt eige lokalsamfunn. Prinsippet er i utgangspunktet godt, men høver i praksis dårleg for døve og hørselshemja. I den gjeldande opplæringslova § 2-6 veg omsynet til at eleven skal få opplæring i eit teiknspråkmiljø tyngre enn nærskuleprinsippet i lova.⁴³ I framlegget til ny opplæringslov er det ressursbehov som utløyser retten til å få opplæring på ein annan skule enn nærskulen. I § 4-4 *Opplæring i og på norsk teiknspråk i grunnskolen* står følgjande:

Elevar med hørselshemming har rett til opplæring i og på norsk teiknspråk. Dersom skolen ikkje har lærarar som kan gi opplæring i norsk teiknspråk, kan opplæringa givast på ein annan skole.

Kommunen kan fastsetje kva skole opplæringa på norsk teiknspråk skal givast på.

⁴¹ Skaten, Torbjørnsen og Urdal (2020) [Kven kan snakke med meg?](#)

⁴² Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 114

⁴³ Ot.prp. nr. 46 (1997–1998), s. 35

Dersom denne endringa kjem inn i lova, fryktar Språkrådet at kommunane ikkje vil prioritere å skape naudsynnte teiknspråkmiljø, noko som ifølgje forskinga er det beste for teiknspråklege elevar. Difor meiner Språkrådet at det i den nye opplæringslova § 3-6 *Kva grunnskole eleven skal gå på* også bør takast omsyn til språk.

I innspelet til språklovutvalet føreslo Språkrådet *ressursskular*, skular med særleg kompetanse i teiknspråk, som ei mogeleg løysing for teiknspråklege elevar.

Etter barnehagelova § 19 h sjette avsnitt har teiknspråklege barn under opplæringspliktig alder rett til skyss til og frå barnehagen, uavhengig av høyrsestatus. Etter framlegget til ny opplæringslov § 5-1 og § 9-1 må dei ha nedsett funksjonsevne for å få denne retten. Språkrådet meiner at retten til skyss må gjevast til teiknspråkelevar som eit språkstyrkingstiltak, og at han må sjåast i samanheng med behovet for å tilhøyre eit klasse miljø på ein teiknspråkleg skule. Når norsk teiknspråk etter den kommande språklova skal vere språkleg og kulturelt likeverdig med norsk, er det ikkje rimeleg at barn skal måtte dokumentere nedsett funksjonsevne for å få denne retten.

6.3 Rett til ekstra timeressursar og ekstra opplæringstid

Opplæringslovutvalet føreslår at grunnskuleelevar med hørselshemjing får rett til å velje opplæring i norsk teiknspråk etter læreplanen for norsk teiknspråk, med ekstra timeressurs. Språkrådet stør dette framlegget, men meiner at timane må organiserast slik at opplæringa ikkje fører til at elevane blir meir einsame eller mistar motivasjonen. Kveldsundervising vil ikkje kunne løyse dei psykososiale problema Patrick Kermit viser til i sin rapport.

I den gjeldande opplæringslova har ei rekkje elevgrupper – teiknspråklege elevar inkludert – rett til ekstra opplæringstid i opptil to år. I framlegget til ny opplæringslov er det berre elevar med særskild språkopplæring etter § 7-5 og elevar med individuelt tilrettelagd opplæring etter § 10-3 som får denne retten. Språkrådet stør framlegget om endring på det vilkår at teiknspråklege elevar må få ekstra opplæringstid dersom opplæringa ikkje er i samsvar med lova. Eit eksempel kan vere at ein skuleeigar har gjeve ein teiknspråkleg elev i grunnskulen opplæring med tolk.

6.4 Teiknspråkleg undervisningskompetanse og læremiddel

I den gjeldande opplæringslova står det ikkje noko om formelle krav til teiknspråkleg kompetanse for dei som skal undervise i og på norsk teiknspråk i grunnskulen og i vidaregåande skule. Heller ikkje i framlegget til ny opplæringslov står det noko om dette.

I framlegget til ny opplæringslov § 15-3 første avsnitt står det – som i gjeldande lov – at lærarar skal ha relevant kompetanse i dei faga dei skal undervise i. I § 15-3 tredje avsnitt er det gjeve heimel til å fastsetje forskrift om kva som er relevant kompetanse i dei ulike faga.

I forskrifta til dagens opplæringslov er kravet for å kunne undervise *i norsk teiknspråk* 30 fagrelevante studiepoeng på barnetrinnet og 60 studiepoeng på ungdomstrinnet og i vidaregåande skule. Det finst ikkje standardiserte krav til lærarar som skal undervise *på norsk teiknspråk*. For dei som søker om opptak til praktisk-pedagogisk utdanning med norsk teiknspråk, kan det gjerast unntak frå det generelle kravet om mastergrad.

Etter Språkrådets syn er ikkje dagens føresegner i samsvar med pliktene etter CRPD-konvensjonen. Artikkel 24 punkt 4 slår fast følgjande:

[Stats]partene [skal] treffe hensiktsmessige tiltak for å ansette lærere som kan tegnspråk og/eller punktskrift, herunder lærere med nedsatt funksjonsevne, og å lære opp fagfolk og personale som arbeider på alle nivåer i utdanningssystemet.⁴⁴

Språkrådet meiner at kompetansekrava til lærarar som skal undervise *i teiknspråk* er for låge, og at det også må setjast krav til dugleik i teiknspråk for alle som skal undervise *på teiknspråk*. Særleg viktig er ein visuell (kulturspesifikk) pedagogisk og didaktisk kunnskap. Språkrådet meiner òg at det er uheldig å samanlikne kompetansekrava til lærarar i norsk teiknspråk med kompetansekrava til lærarar i andre språkfag, slik forskrifta til opplæringslova gjer. Lærarstudentar som tar studiepoeng i norsk, engelsk osv. har allereie grunnleggjande kunnskapar i dei språkfaga dei skal fordjupe seg i. Lærarstudentar som vel norsk teiknspråk, har lite forkunnskap. Kompetansen som teiknspråklærarane sit att med etter ferdig utdanning, er difor lågare enn den kompetansen som dei andre lærarane har. Resultatet er at døve og høyrselshemja ikkje får ei likeverdig undervising.

Lærarutdanninga er ikkje regulert av opplæringslova. Men dersom teiknspråklege elevar skal kunne få ei god og likeverdig opplæring i og på teiknspråk, er dei avhengige av kvalifiserte lærarar i norsk teiknspråk. Fullgod teiknspråkopplæring i utdanningssystemet er òg ein føresetnad for bruk av teiknspråk på andre samfunnsområde og i privatlivet.⁴⁵ Den nye opplæringslova bør difor innehalde føringar ut over «relevant kompetanse».

Heller ikkje læremiddel og læringsressursar for teiknspråklege er nemnde i framlegget til ny opplæringslov. I artikkel 24 punkt 4 i CRPD står det tydeleg at statspartane skal sikre at det finst fullgode læremiddel til opplæringa av døve og høyrselshemja:

Opplæringen skal omfatte bevisstgjøring om funksjonshemming og bruk av hensiktsmessige alternative og supplerende kommunikasjonsformer, -midler og -formater, samt undervisningsmetoder og undervisningsmaterieil som er til hjelp for mennesker med nedsatt funksjonsevne.⁴⁶

⁴⁴ CRPD (2006), artikkel 24, punkt 4

⁴⁵ Aasen, Kjetil (2019) Retten til opplæring i og på teiknspråk etter opplæringslova og barnehagelova, s. 15

⁴⁶ CRPD (2006), artikkel 24, punkt 4

Også [lov om likestilling og forbud mot diskriminering](#) omtalar læremiddel. Under § 21 står dette:

Elever og studenter med funksjonsnedsettelse ved skole- og utdanningsinstitusjoner har rett til egnet individuell tilrettelegging av lærested, undervisning, læremidler og eksamen, for å sikre likeverdige opplærings- og utdanningsmuligheter.

Skal døve og hørselshemja får likeverdige høve til opplæring og utdanning, må opplæringslova innehalde føresegner som gjev teiknspråklege rett til lærebøker og andre (digitale) læremiddel, i tillegg til kvalitetssikra ordbøker, på lik linje med norskspråklege og samiskspråklege. Ein slik lovfesta rett vil òg kunne sikre god kvalitet på desse læremidla. Språkrådet rår difor til at det blir utarbeidd eit nytt avsnitt under § 13-5 *Læremiddel*, som eksplisitt nemner læremiddel til teiknspråkopplæring.

6.5 Rett til opplæring i og på norsk teiknspråk for vaksne

Etter den gjeldande opplæringslova har vaksne rett til opplæring i og på teiknspråk i vidaregåande skule. I innspelet til språklovutvalet peikte Språkrådet på at denne retten også må gjelde vaksne i grunnskuleopplæringa.

I framlegget til ny opplæringslov er denne retten ikkje utvida, heller innskrenka. Språkrådet meiner at dette er uheldig. Retten vaksne har til opplæring i og på teiknspråk er særleg viktig for vaksne innvandrara. Opplæring i og på norsk teiknspråk er avgjerande for at dei skal kunne integrerast i det norske samfunnet. Språkrådet rår difor sterkt til at det blir laga ein ny paragraf under kapittel 18 *Innhaldet i og organiseringa av grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa for vaksne elevar*, slik at vaksne teiknspråklege elevar får dei same rettane som vaksne samiske elevar har (jf. § 18-2 i lovframlegget). Også denne elevgruppa må ha rett til læremiddel.

7 Opplæring i kvensk, romani og romanes

De nasjonale minoritetsspråkene kvensk, romani og romanes er utsatt for press fra norsk. For at det norske storsamfunnet skal kunne ivareta og ta hensyn til mindretallsinteresser og fremme kvensk, romani og romanes, mener Språkrådet at det må iverksettes en målrettet og helhetlig språkpolitikk som styrker og opprettholder disse språkene. Utdanningspolitikk er en avgjørende del av denne helhetlige språkpolitikken og må prioriteres.

Forslaget til ny språklov § 6 gir språkene kvensk, romani og romanes lovfestet status som nasjonale minoritetsspråk i Norge. Lovforslaget slår fast at kvensk, romani og romanes er likeverdige med norsk, både som kultur- og bruksspråk. Det overordnede målet er å sikre både kvensk, romani og romanes som levende bruksspråk i Norge. I meldingsdelen av proposisjonen står det at dette dreier seg om både å sikre en viktig

del av kulturgrunnlaget og å yte et norsk bidrag til å sikre språkmangfoldet i verden.⁴⁷ Det slås videre fast at for brukere av minoritetsspråk er det å mestre språket sitt også viktig for å kunne mestre fellesspråket norsk og ta del i demokratiske prosesser, skole og utdanning. I denne sammenhengen framheves skolepolitikken som viktig.⁴⁸

I forslaget til språklov § 1 bokstav c heter det at offentlige organ skal ta ansvar for å verne og fremme kvensk, romani og romanes. I proposisjonen blir det slått fast at språk trenger «konkret og symbolsk institusjonell støtte for å ha gode levevilkår», og at det også gjelder de nasjonale minoritetsspråkene.⁴⁹ Skal samfunnet verne og fremme disse språkene, må skolesektoren få et ansvar for kvensk, finsk, romani og romanes gjennom hele skoleløpet. Språkrådet mener derfor at alle de nasjonale minoritetene i Norge må kunne få opplæring i språket sitt i skolen.

Etter en hard fornorskings- og assimileringsspolitikk har de nasjonale minoritetene det til felles at språkene deres er svekket, med færre språkbrukere og færre språkarenaer. Denne fornorskingspolitikken er i mandatet til kommisjonen som skal granske fornorskingspolitikk og urett overfor samer, kvener og norskfinner (oppnevnt av Stortinget i 2018), omtalt slik:

Norske myndigheter har i perioder frem til slutten av 1900-tallet ført en politikk overfor samene, kvenene og norskfinnene som fikk alvorlige negative konsekvenser for deres kultur, språk, identitet og levekår.⁵⁰

Tilsvarende slås det fast i innledningen av *NOU 2015: 7 Assimilering og motstand – Norsk politikk overfor taterne/romanifolket fra 1850 til i dag*:

Taterne/romanifolket ble på 1900-tallet utsatt for en hardhendt assimileringsspolitikk fra norske myndigheter. Politikken kom til uttrykk gjennom lover og forordninger som til dels hadde et diskriminerende formål, og en klart diskriminerende virkning.⁵¹

Med denne bakgrunnen vil Språkrådet framheve at ny politikktutforming som i liten grad skisserer tiltak for de nasjonale minoritetene, kan oppfattes som en videreføring av den strukturelle undertrykkningen og usynliggjøringen som disse gruppene har vært utsatt for.

Gjennom Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter (rammekonvensjonen)⁵² og den europeiske pakten om regions- eller minoritetsspråk (minoritetsspråkpakten)⁵³ har Norge forpliktet seg til å sikre personer fra de nasjonale minoritetene mulighet til å lære seg og få undervisning på språket sitt, så

⁴⁷ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*, s. 108

⁴⁸ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*, s. 9–10

⁴⁹ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*, s. 8

⁵⁰ [Mandat](#) til kommisjonen for å granske fornorskingspolitikk og urett overfor samer, kvener og norskfinner (sannhets- og forsoningskommisjonen)

⁵¹ *NOU 2015: 7 Assimilering og motstand – Norsk politikk overfor taterne/romanifolket fra 1850 til i dag*, s. 7

⁵² Framework Convention for the protection of National Minorities (rammekonvensjonen)

⁵³ European Charter for Regional or Minority Languages (minoritetsspråkpakten)

langt mulig og innenfor rammen av utdanningssystemet (jf. særlig artikkel 14 punkt 2 i rammekonvensjonen). Lovutvalget påpeker i NOU-en om ny opplæringslov at retten til videregående opplæring i kvensk eller finsk ikke kan innføres uten en nærmere utredning, noe utvalget ikke har hatt kapasitet til å gjøre.⁵⁴ Språkrådet vil understreke at det er viktig at en slik utredning blir gjort, slik at en lovfestet rett til videregående opplæring i kvensk og finsk kan komme på plass, i samsvar med de overordnede forpliktelsene i rammekonvensjonen og minoritetsspråkpakten.

Opplæring i romani og romanes er ikke nevnt i den videre proposisjonsteksten. Språkrådet mener at Kunnskapsdepartementet i lys av Norges forpliktelser overfor de nasjonale minoritetene bør vurdere å anbefale rett til opplæring i romani og romanes i grunnskolen og videregående skole.

Siden rett til videregående opplæring i kvensk og finsk og opplæring i romani og romanes i grunnskolen og videregående skole ikke er utredet, mangler lovproposisjonen følgelig en vurdering av de språkpolitiske konsekvensene lovforslaget vil ha for de nasjonale minoritetsspråkene kvensk, romanes og romani.

7.1 Den europeiske pakten om regions- og minoritetsspråk

Lovutvalget påpeker at «reglene i dagens opplæringslov ligger innenfor rammene av Norges internasjonale forpliktelser», samtidig som utvalget henviser til blant annet artiklene 12 (utdanning og forskning) og 14 (språk og utdanning) i rammekonvensjonen og artikkel 7 i minoritetsspråkpakten.⁵⁵ Språkrådet mener lovutvalget burde ha tatt hensyn til de siste tilrådingene fra henholdsvis Europarådets ekspertgruppe og Europarådets ministerkomite til Norges oppfølging av minoritetsspråkpakten.⁵⁶ Disse tilrådingene peker entydig på at utdanningsfeltet er avgjørende for at Norges forpliktelser overfor brukerne av de nasjonale minoritetsspråkene skal kunne ivaretas.

I ekspertgruppens sjuende rapport om Norge (2018) pekes det for eksempel på at punktet «skaffe egnede former og midler for undervisning og studier av kvensk på alle passende nivåer» bare delvis er oppfylt av Norge.⁵⁷ I samme rapport henvises det til ministerkomiteens tidligere anbefalinger om å «bedre situasjonen for kvensk grunnskoleutdanning og videregående utdanning».

Om situasjonen for romani og romanes konkluderer ekspertgruppen med at de fleste bestemmelser ennå ikke er gjennomført for disse språkene, og at det ikke finnes et tilbud for romanes i formell utdanning. Også her henviser ekspertgruppen til tidligere anbefalinger av ministerkomiteen, som å «oppmuntre til bruk av romanes, muntlig og

⁵⁴ NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*, s. 422

⁵⁵ NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*, s. 88–89

⁵⁶ [Ekspertkomiteens sjuende rapport 4. juli 2018](#)

⁵⁷ Ekspertkomiteens sjuende rapport 4. juli 2018, s. 13

skriftlig i utdanning» og å «inkludere respekt, forståelse og toleranse for romanes blant målene for utdanning, lærerutdanning og media». ⁵⁸

Ministerkomiteen anbefalte i 2018 at Norge «gjennomfører en strukturert politikk for kvensk/finsk, der man prioriterer tilbud om undervisning», og «sørger for undervisning og studier av romani og romanes på alle passende nivåer». ⁵⁹

7.2 Vilkår for retten til kvenskapplæring i dag

Dagens opplæringslov § 2-7 gir elever med kvensk-finsk bakgrunn rett til grunnskoleopplæring i kvensk og finsk etter bestemte regler, nemlig når minst tre elever ved grunnskoler i Troms og Finnmark krever det. Det er ikke et krav om at de må gå på samme trinn, men det er krav om at de må gå på samme skole. Når opplæringen ikke kan gis av egnet undervisningspersonale ved skolen, har elevene rett til alternative former for opplæring, som fjernundervisning (jf. dagens forskrift til opplæringslov § 7-1).

Språkrådet mener at retten bør være individuell, og at rett til opplæring i kvensk og finsk må kunne gjelde hele landet, ikke bare det nordligste fylket.

Språkrådet mener at formuleringen «med kvensk/norsk-finsk bakgrunn» i lovteksten er uheldig når den knyttes opp mot retten til språkopplæring. Det er først og fremst problematisk at retten til opplæring knyttes til etnisitet. Et slikt krav blir vanskelig å operasjonalisere i praksis og kan fremme diskriminering. Skolene har ikke lov til å registrere etnisitet. Når elever (eller foreldre) krever opplæring i kvensk eller finsk, bør loven legge til grunn at et slikt krav fremmes ut ifra et selvidentifiseringsprinsipp.

Loven tar ikke hensyn til den voksende gruppen barn som allerede har hatt kvenskapplæring i barnehagen. Dagens fag, kvensk som andrespråk, er uegnet for denne gruppen. Det bør derfor kunne åpnes for at det etter hvert kan undervises i flere fag enn selve språkfaget kvensk.

Det er i dag ingen lovhjemlet rett til opplæring i kvensk/finsk som andrespråk for elever i videregående opplæring. Enkelte videregående skoler tilbyr slik opplæring i finsk i dag, men Språkrådet er ikke kjent med at noen videregående skoler gir eller har gitt undervisning i kvensk som andrespråk. Språkrådet mener at det er viktig å implementere rett til opplæring i kvensk/finsk som andrespråk også i videregående opplæring, både for den enkelte eleven og for kvensk språk. Dette er også nedfelt i den målrettede planen for kvensk: «Det er også viktig at skolen stimulerer elevene til å fortsette med kvenskapplæringen i overgangen mellom barne- og ungdomstrinnet, og i overgangen til videregående opplæring.» ⁶⁰

I dag har man kun rett til opplæring i kvensk og finsk til tiende klasse, men ikke i videregående skole. Det fører til et brudd i opplæringsløpet fram mot høyere utdanning. Det har negative konsekvenser for den enkelte eleven, og det fører trolig til

⁵⁸ Ekspertkomiteens sjuende rapport 4. juli 2018, s. 28

⁵⁹ Ekspertkomiteens sjuende rapport 4. juli 2018, s. 24–27

⁶⁰ Målrettet plan 2017–2021 – videre innsats for kvensk språk, s. 23

lavere søkertall til høyere utdanning og relevante arbeidssektorer hvor kompetanse i kvensk og finsk er påkrevd. I dag er det for få kvalifiserte kvensklærere. Mangelen på opplæring i kvensk i videregående skole fører til at lærerstudenter som vil undervise i faget, får et lengre studieløp, siden de anbefales å ta et forkurs i kvensk som skal tilsvare videregående opplæring i språket. Uten en endring i regelverket vil dette problemet trolig bare øke i omfang i årene som kommer.

Språkrådet mener at alle elever bør ha rett til oppdaterte læremidler etter den nye læreplanen. Også andrespråks elever bør ha rett til læremidler i kvensk og finsk.

Språkrådet har forståelse for at ikke alle tiltakene i høringssvaret vil komme inn i opplæringsloven uten utredning og høring, og følgelig mener vi at det trengs en helhetlig utredning av kvensk språk for hele utdanningsløpet.

7.3 Vilkår for retten til opplæring i romanes og romani i dag

For romani og romanes finnes det i dag ikke noe formelt undervisningstilbud. Det er viktig at også romanes og romani får status som språk det gis opplæring i, jamfør tilrådingene til oppfølgingen av rammekonvensjonen og minoritetsspråkpakten.

Det finnes lite forskning på utdanningssituasjonen for rombarn i Norge.⁶¹ Formell utdanning har tradisjonelt hatt lav status, men dette ser ut til å ha endret seg de siste årene. Med økt skolegang blir skolen en viktig språkarena. Analfabetismen blant voksne romer er høy. De fleste rombarn begynner på skolen som hovedsakelig romanesspråklige. Likevel kan det se ut som at tilpasset norskopplæring i liten grad blir tilbudt denne gruppen elever.

Språket romanes er en viktig del av det å være rom. Romsamfunnet legger stor vekt på å ta vare på språket og videreføre dette. Skolelostjenesten, som arbeider spesielt med oppfølging av romske barn, familier og lærerne deres i skolen, har i kontakt med Språkrådet påpekt mangelen på læremateriell på romanes. Derfor har flere aktører gått i gang med å lage en abc-bok og et tilhørende undervisningsopplegg på nett på romanes. Bruk av elementer av romsk kultur i boken vil også synliggjøre elevens identitet i skolehverdagen og øke læringsmotivasjonen.

Siden det ikke er aktuelt å innføre rett til opplæring i romanes uten utredning og høring, vil vi understreke behovet for en helhetlig utredning om hvilke muligheter som finnes for romanes- og romaniundervisning.

⁶¹ Hagatun, K. (2019a) "The Educational Situation for Roma in Norway. A country study" i Óhidy, A. & Forray, K.R. (red.) *Lifelong Learning and the Roma Minority in Western and Southern Europe* (s. 91–112). UK: Emerald publishing.

8 Oppfølging

Rolla til Språkrådet er å koordinere og sikre god gjennomføring av den sektorovergripande norske språkpolitikken på alle områda i staten. Det følger naturleg av rolla vår at vi ønskjer å ta del i arbeidet med utforminga av opplæringslova og nærskyldde forskrifter. Språkrådet møter gjerne Kunnskapsdepartementet for å utdjupe innhaldet i denne fråsegna.